

Premature barn tidlegare heim

Spesialsjukepleiar Sunniva Vie Alme og sjukepleiar Katrine Tvinnereim
Barne- og ungdomsavdelinga seksjon Avansert heimesjukehus, Helse Førde



Kva var det vi ville forbetre?

Barn som blir født premature (under fødselsveke 36) blir som regel innlagt på nyfødteintensiv. Opphaldet kan vare i dagar, veker eller månadar, og kan medføre stress og vere eit hinder for tilknytningsprosessen. Tidleg heimreise kan auke ammeraten, foreldra sin sjølvtilitt, tidlegare tilknytning og gjenforener familien raskare.

På Barne- og ungdomsavdelinga ved Førde sentralsjukehus, har premature hatt gjennomsnittleg heimreise i fødselsveke 37-38.3.

Vi ønsker å sikre trygg og tidlegare heimreise for premature gjennom avansert heimesjukehus (AHS).


Kva gjorde vi?

- Engasjerte alle legar, sjukepleiarar og leiinga med ulike workshop
- Utarbeida prosedyre
- Laga sjekklister for avklaring ved heimreise
- Utarbeida observasjonsskjema til bruk i heimen
- Innhenta data for heimreise av premature på avdelinga frå 2018-2022
- Samhandling med foreldre, andre AHS foretak, medisinsk heimebehandling, behandlingshjelpemiddel og kommunen
- Laga informasjon til nettside
- Promotering i ulike mediar



Målingar

Fødselsveke ved heimreise før og etter oppstart av AHS



Resultat

Resultatet jfr. tabell viser at med AHS kan premature reise tidlegare heim. I gjennomsnitt over ei veke tidlegare.

Resultatet er basert på eit lite pasientgrunnlag og kort prosjektperiode. 4 premature barn er blitt sendt heim i prosjektperioden. Eit av barna hadde oppfølging i 4 veker med AHS. Desse vekene hadde barnet elles vore innlagt på avdelinga.

Tilbakemeldingar frå foreldra viser at prosjektet er etterlengta og eit godt tilbud. Familiene er svært positive og opplever at det forenkler kvardagen og gir mindre stress.



Vegen vidare

Vi har laga prosedyre som inneheld ei sjekklister til avdelinga for å sikre utstyr familien treng med heim, nødvendig opplæring og undervisning for å få ei trygg heimreise.

Resultatet motiverar til vidare arbeid. Vi vil fortsette å måle kor mange premature vi får sendt heim med oppfølging av AHS.

Vi vil overføre kunnskapane våre til andre pasientgrupper som vi følger opp i AHS, for å sikre god oppfølging til alle pasientgrupper.

